




# VANYLVEN KOMMUNE

## Serviceforretning



Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520

6404 MOLDE

Saksnr	Løpenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2012/571	3161/2015 / 002		SER / SANGUD	19.06.2015

### MELDING OM VEDTAK

## Midtvegsrapport for 2015 - Vanylven kommune sitt arbeid med kommunereforma

Kommunestyret handsama i møte den 16.06.2015 –sak 48/2015. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Vanylven kommune tek midtvegsrapporten til vitande.
2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Vanylven kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
3. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen, slik den er skissert.
4. Vanylven kommune skal vere opne for moglege intensjonsavtalar med andre kommunar.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:  
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes

Konsulent

Kopi: Kommunane Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda, Ørsta  
Anna Lianes



# VANYLVEN KOMMUNE

## SAKSFRAMLEGG

---

<i>Saksnr:</i> 2012/571	<i>Arkiv:</i> 002	<i>Avd/Saksansv:</i> RÅD/ANNLIA
----------------------------	----------------------	------------------------------------

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
86/2015	Formannskapet	08.06.2015
48/2015	Kommunestyret	16.06.2015

### **Midtvegsrapport for 2015 - Vanylven kommune sitt arbeid med kommunereforma**

#### **Tilråding:**

1. Vanylven kommune tek midtvegsrapporten til vitande.
2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Vanylven kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dete skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
3. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen, slik den er skissert.
4. Vanylven kommune skal vere opne for moglege intensjonsavtalar med andre kommunar.

#### Vedlegg

- 1 Kommunereforma - prosess i Vanylven kommune
- 2 Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal
- 3 Handlingsplan for Vanylven kommune i kommunereformprosessen fram mot endeleg vedtak i 2016

## Uprenta saksvedlegg:

### Samandrag av saka:

Vanylven kommune skal gje statusrapport til Fylkesmannen om arbeidet med kommunereforma innan 1.7.15. Dette skal gjerast via såkalla "Questback", eller spørjeskjema via internett, men Vanylven vel også å legge fram politisk sak til Formannskapet og Kommunestyret.

### Saksopplysningar:

Ein fekk hausten 2014 eit brev frå Fylkesmannen om forventningane til kommunane sitt arbeid med kommunereforma. Dei ynskjer her tilbakemelding innan 01.07, med status for arbeidet så langt.

Regjeringa sine mål for reforma:

- Eit sterkt lokaldemokrati.
- At kommunar slår seg saman til større, robuste einingar som samsvarar betre med dei naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionane som har utvikla seg over tid.
- Generalistkommunen tilbake. Alle kommunar skal kunne løyse sine lovpålagde oppgåver sjølve. Gode og likeverdige tenester. Berekraftige kommunar.
- Mindre behov for interkommunale løysingar og statleg detaljstyring. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.

### Fase 1 – Planleggingsfasen

Hausten 2014 vart rekna som den første fasen, eller "oppstartsfasen". Ein skulle her fatte vedtak rundt prosessen i eigen kommune. Vanylven kommune køyrte "Open Space"-samling rundt problemstillingane, og hadde mykje godt innhald til prosessplanen. Denne vart handsama i desembermøtet til kommunestyret. Det vart her lagt til rette for god kommunikasjon med innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv, medarbeidarar og tillitsvalde, og også ungdomar.

Prosjektgruppa til Vanylven har tretten medlemmar, representantar frå alle parti, varaordførar, gruppeleiarar, tillitsvald, ungdomsrepresentant, rådmann og kontaktperson, for å sikre den breie forankringa Fylkesmannen ynskja i forventningsbrevet. Vedtaket med prosessplanen vart sendt til Fylkesmannen innan 31.12.2014, og Vanylven kommune fekk innvilga dei lova 200 000 kronene i prosesstøtte. Det vart også nemnd ut eigen kontaktperson, rådgjevar Anna Lianes. Vanylven kommune gjennomførte innbyggjarundersøking, gjennom NIVI-analyse. I tillegg gjennomførte Sunnmøre regionråd fellesundersøking for alle kommunane på Søre Sunnmøre. Hausten 2014 vart det også vedteke kommunikasjonsstrategi for Vanylven kommune.

I oppstartsfasen behandla Vanylven kommune to saker om kommunereform:

Prosess for kommunereforma i Vanylven kommune – PS 57/2014, 09.09.2014, og PS 92/2014, Handlingsplan for Vanylven kommune i kommunereformprosessen 09.12.2014.

## **Fase 2: Utredningsfasen – dialog og utredning (2015)**

Ein er no midt i utredningsfasen, som skal vare heile 2015. Vanylven kommune har halde seg til framdriftsplanen, med små justeringar. Blant anna skal det i utredningsfasen gjerast greie for kvar enkelt kommune sine styrkar og utfordringar. Rådmannen i Vanylven har frå og med hausten 2014, og i løpet av våren 2015 gjennomført både medarbeidarundersøking, innbyggjarundersøking og brukarundersøking for interne tenester. Ei omfattande undersøking for eksterne brukarar av kommunale tenester er i planlegging, og skal gjennomførast før sumaren 2015. Overgangen frå økonomistyring til heilskapeleg styring er basert på eit kommunestyrevedtak frå 2013, men desse målingane viser seg også vere svært nyttige i utredningsarbeidet med kommunesamanslåingssamanheng. Ein har også eit omfattande talgrunnlag i form av evalueringar gjort i løpet av dei siste par åra, som Kommunekompasset, Evaluering av omstillingsarbeid og KOSTRA-analyse.

Vanylven kommune har sendt ut invitasjon til alle ordførarar på Søre Sunnmøre, for nabopratt. Ein har i tillegg hatt samtalar med kommunane sør for oss, Selje og Vågsøy, på ordførar og rådmannsnivå. Rådmann og kontaktperson var også på møte med rådmenn og ordførarar i Selje, Vågsøy og Eid, då dei hadde oppstartsmøte for sitt prosjektarbeid.

Så langt har ein hatt felles formannskapsmøte med Sande og Ulstein, medan ein har hatt samtalar med prosjektgruppa i Volda. Medio juni 2015 kjem Hareid formannskap til Vanylven, for møte. Vi har så langt fått nei frå Herøy kommune på invitasjonen, og ventar svar frå Ørsta. Prosjektgruppa har per 8.juni 2015 hatt fem møter i 2015. Ein har også møttest fast våren 2015 i samband med dei faste rådmannsmøta på Søre Sunnmøre. I desse møta har ein starta med fellesmøte, og så har ordførarar og kontaktpersonar gått ifrå, og eventuelt hatt egne møter. Vanylven kommune har vore svært progressive i arbeidet med kommunereform, og har ikkje takka nei til ein einaste invitasjon til korkje samlingar eller møter.

Folkemøtet 16.04.15 med Open Space-prinsippet var ein suksess og ein fekk fram mange viktige moment ein ynskjer å jobbe med vidare. Blant anna vart det understreka at noko av det viktigaste for lokalutviklinga er arbeidet med Rovdefjordbrua. I tillegg er det viktig med eit framleis godt tenestetilbod, og at ein ikkje ”tapar” noko i reforma. Fleire poeng frå folkemøtet ligg i rapporten på heimesida til kommunen.

Formannskapet i Vanylven fatta vedtak om eit ynskja ei slik prioritering over konstallasjonar, etter diskusjon i Formannskapet 14.04.2015:

*A: Sunnmøre*

*B: Søre Sunnmøre som ein kommune*

*Vi må sjå på nullalternativet, samt vere i dialog med nabokommunar dersom det skulle vere behov for det.*

Etter dette møtet vart det utarbeidd eit drøftingsnotat som ligg ute på heimesidene til kommunen.

I løpet av juni 2015 skal det gjennomførast næringslivsundersøking, der Vanylven kommune skal vere pilotkommune for NIVI-analyse. Ein jobbar med digital tilbakemeldingskanal, slik at innbyggjarane enkelt kan kome med innspel om reforma. Rådmannen har, per mai 2015, sendt ut sitt tredje nyhendebrev i år. Dette er noko som vert sett stor pris på i organisasjonen, og ein får mykje god tilbakemelding på dette. Nyhendebrevet har rådmannen nytta til å orientere om arbeidet med kommunereforma, men også om "rikets tilstand" i organisasjonen generelt.

### **Kan ikkje utgreie seg fram til løysing – det handlar om felles vilje**

Kommunalminister Sanner presiserte i sitt innlegg til kommunane i Molde 30. april at det ikkje går an å utgreie seg fram til eit rett svar for kommunesamanslåing, og at bygging av ny kommune må baserast på ein felles vilje mellom kommunane.

Erfaringar frå tidlegare kommunesamanslåingar rår til at det vert utarbeidd intensjonsplan mellom kommunar som planlegg å slå seg saman. Det vert rådd til at ei slik plan vert brukt som grunnlag for ev folkerøysting.

Intensjonsplan kan innehalde m.a.:

- Kva ein vil oppnå med kommunesamanslåinga (hovudmål og delmål)
- Om det t.d. er konkrete prosjekt ein vil bruke reforma til å lyfte i lag
- Kvar kommunesenteret skal vere og fordeling av lokalisering av ulike kommunale funksjonar
- Korleis lokalsamfunnet kan styrkast
- Korleis kommunale tenestefunksjonar kan styrkast
- Korleis tilsette skal informerast og involverast i prosessen
- Korleis innbyggjarane skal informerast og involverast
- Ev. avklaring av kommunenamn og kommunevåpen
- Framdriftsplan for gjennomføring av samanslåing

Intensjonsplan er viktig for å tydeleggjere frå politisk hald kvifor ein ynskjer samanslåing, og kva ein vil oppnå med dette. (Henta frå Volda sitt utkast til midtvegsrapport, [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)) Det vil vere nyttig for Vanylven kommune med intensjonsavtalar med eventuelle kommunar ein vil slå seg saman med.

## Vegen vidare:

HANDLINGSPLAN KOMMUNEREFORMA

	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
INFORMASJONSSKRIV FRÅ RÅDMANNEN		X	X		X		X		X		X
DIGITAL KANAL FOR TILBAKEMELDING			X								
MØTE MED NÆRINGSLIVET		X				X			X		
MØTE MED TILLITSVALDE		X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
MØTE MED SKULE OG UNGDOMMANE				X				X			
FOLKEMØTE				X				X			
UNDERSØKING NÆRINGSLIV				X							
UNDERSØKING INNBYGGJARAR									X		
PRESENTERE ALTERNATIVA POLITISK					X			X		X	
MØTE MED ORDFØRARAR/RÅDMENN "SØRE"		X	X	X	X		X	X	X	X	
MØTE MED FORMANNSKAP - "NABOAR"											
BEHANDLING KOMMUNESTYRE			X		X				X		X
RAPPORT FYLKESMANNEN						X					X

Til hausten skal vi fortsetje med blant anna "Open Space" for ungdomar til hausten, i tillegg til møte med tillitsvalde, og eit nytt folkemøte. Det vil verte gjennomført ny innbyggjarundersøking hausten 2015. Kommunestyret vil på same måte få presentert ei sak på desembermøtet 2015.

## Vurdering og konklusjon:

Vanylven kommune har vore progressive og deltakande i kommunereformprosessen. Ein ynskjer å følgje løpet vidare, med same engasjement som før.

Fiskå, 29.05.2015

Andreas Chr. Nørve  
rådmann

Anna Lianes  
rådgjevar

## Handsaming i formannskapet:

**Samrøystes tilråding som framlegget.**

## VEDTAK:

### Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommune tek midtvegsrapporten til vitande.
2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Vanylven kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
3. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen, slik den er skissert.
4. Vanylven kommune skal vere opne for moglege intensjonsavtalar med andre kommunar.

**Handsaming i kommunestyret:**

**Samrøystes vedtak som framlegget.**

**VEDTAK:**

1. Vanylven kommune tek midtvegsrapporten til vitande.
2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Vanylven kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
3. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen, slik den er skissert.
4. Vanylven kommune skal vere opne for moglege intensjonsavtalar med andre kommunar.